



PROTOKOLL SKIKRINSTINGET 2011

1. OPNING – HELSINGAR

Sogn og Fjordane Skikrins v/ Inge Fænn
 Norges Skiforbund v/ Sverre Seeberg
 Sogn og Fjordane Idrettskrins v/ Arve Heimdal
 Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Emma Bjørnsen

2. KONSTITUERING

2.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane

Skikrinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Navn	Organisasjon	Tingdelegat
Inge Fænn	SFSK, Markane IL	1
Anders Felde	SFSK, Breimsbygda IL	2
Halvard Nygård	SFSK, Førde IL	3
Audar Kullsveen	SFSK, Eid IL	4
Lilly Schøyen	SFSK, Sogndal IL	5
Gunnar Fannemel	SFSK, Hornindal IL	6
Arve Rindal	Eid IL	7
Stein Bjørhovde	Haugen IL	8
Rune Espe	Haugen IL	9
Anders Engeland	Haugen IL	10
Jan Inge Årdal	Jølster IL	11
Britt Kari Vasstein	Jølster IL	12
Fabian Bergquist	Jølster IL	13
Agnar Bøyum	Jølster IL	14
Aase Britt Øygard	Jølster IL	15
Oddmund Lefdal	IL Bjørn	16
Edvard Leirdal	IL Bjørn	17
Anne Britt Henden	Fj./ Vereide IL	18
Astrid F. Hauge	Fj./ Vereide IL	19
Mona Foss	Sogndal IL	20
Thorolf Norheim	Sogndal IL	21
Grethe Husevåg Strømmen	Førde IL	22
Berit Tefre	Førde IL	23
Tor Starheim	Førde IL	24
Reidun Bergheim	Førde IL	25

Navn	Organisasjon	Tingdelegat
Tor Egil Nedrebø	Førde IL	26
Anders Forthun	Fanaråk IL	27
Børre Øvstetun	IL Jotun	28
Jorunn Hillestad Sekse	Hafslo IL	29
Per Birger Lomheim	Hafslo IL	30
Andrè Haugsbø	Gaular IL	31
Terje Skamo	Hyen IL	32

Følgjande har talerett

Navn	Organisasjon
Sverre Seeberg	Norges Skiforbund
Arve Heimdal	Sogn og Fjordane Idrettskrins
Emma Bjørnsen	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Håkon Gaasø	Valnemnda
Håkon Lundestad	Dirigent
Yngve Thorsen	Administrasjonen

VEDTAK :

Skikrinstringet godkjenner fullmaktene.

2.2 Godkjenning av saklista

VEDTAK :

Skikrinstringet godkjenner utlagd sakliste.

2.3 Godkjenning av forretningsorden

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent. Protokollen vert ført av dei valde sekretæranne.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.
3. Ingen representant får ordet meir enn tre gongar i same saka. Dirigenten har rett til å gjera framlegg om strek.
4. Alle framlegg må leverast skrifteleg til dirigenten underskrive med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkjast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller at saka er teken opp til avrøysting.
5. Alle vedtak og val vert gjort med vanleg fleirtal, med dei unntak lova fastset. I alle val der det ligg føre meir enn eit framlegg, vert det nytta skrifteleg avrøysting. Alle andre avrøystingar vert gjort med røysteteikn.
6. I protokollen fører ein inn framlegg og vedtak, talet på røyster for og imot dersom tinget krev det, namnet på dei som hadde ordet i saka.
7. Protokollen vert underskriven av to valde representantar.

VEDTAK :

Skikrinstringet godkjenner forretningsorden.

2.4 Val av dirigent

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent:
Håkon Lundestad

VEDTAK :

Skikrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.

2.5 Val av referentar

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til val av referentar :
Anders Felde og Yngve Thorsen

VEDTAK:

Skikrinstinget godkjenner framlegget til val av referentar.

2.6 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen**VEDTAK:**

Tor Egil Nedrebø og Aase Britt Øygard

3. ÅRSMELDING 2009-2011

Skikrinsstyret legg fram for tinget årsmelding for 2009-2011 til godkjenning.

Innleiing ved krunsleiar Inge Fænn

Dirigenten gjekk gjennom Årsmelding 2009-2011

VEDTAK:

Skikrinstinget godkjenner Årsmelding for 2009-2011

4. REKNESKAP 2009 og 2010

Skikrinsstyret legg fram for tinget rekneskap og revisjonsmelding for 2009 og 2010.

Yngve Thorsen (adm. sjef) gjekk gjennom rekneskapen for 2009 og 2010.

Dirigenten las opp revisjonsmeldingane for 2009 og 2010.

VEDTAK:

Skikrinstinget godkjenner framlagt rekneskap for 2009 og 2010.

5. BUDSJETT 2011 og LANGTIDSBUDSJETT 2012 og 2013

Skikrinsstyret legg fram for tinget budsjett for 2011, og langtidsbudsjett for 2012 og 2013.

Yngve Thorsen (adm. sjef) gjekk gjennom dei ulike budsjetta.

VEDTAK:

***Skikrinstinget vedtek rammene for framlagt budsjett for 2011.
Skikrinstinget vedtek rammene for langtidsbudsjettet for 2012 og 2013.***

6. FASTSETJING AV LAGSKONTINGENT

Innleiing v/ nestleiar i skikrinsstyret, Anders Felde

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til endring av lagskontingent.

Kategori	Tal medlemmar	Avg. pr. 2010	Framlegg ny avg.
1	0	kr 1 000,-	kr 1000
2	1-30	kr 2 000,-	kr 2500
3	31-100	kr 3 200,-	kr 4500
4	101 og oppover	kr 5 000,-	kr 6500

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin lagskontingent har vore uendra sidan år 2000.

Ved Skitinget på Voss i 2010 vart det vedteke endringar m.o.t. den økonomiske ordninga for skikrinsane. I samband med tinget vart det m.a. vedteke at alle skikrinsar med adm.sjef skal betale ein eigendel på kr 100 000,- pr. år til Norges Skiforbund.

Vidare skal det betalast ut eit tilskot til skikrinsane og Skiforeningen med kr. 2 pr. medlem, samt kr 10,- pr. nye medlem. Ordninga blir iverksett 01.01.2011.

Ein konsekvens av vedtaket ved Skitinget 2010 er ein ekstra kostnad for Sogn og Fjordane Skikrins på ca. kr 85 000.

Det er vidare lagt føringar frå Norges Skiforbund (Skitinget 2010) om at skikrinsane bør auke lagskontingenten. Jf. Norges Skiforbund vil ei auke i lagskontingenten kompensere for skikrinsane sine eigendelar, for å oppretthalde administrasjonssjefstillingane. Norges Skiforbund meiner det er i laga sine interesser, at skikrinsane har ein velfungerande administrasjon som i stor grad yt service til laga og koordinerar verksemda innanfor ulike viktige område.

Jf. utgreiinga ovanfor ser Skikrinsstyret det som naudsynt å endre lagskontingenten iht. framlegg slik at ein fortsatt kan oppretthalde og ikkje minst styrke skiaktiviteten i Sogn og Fjordane.

Ei endring i lagskontingenten slik Skikrinsstyret føreslår vil medføre at den årlege totale ramma for lagskontingent aukar med ca. kr 50 000,- (frå kr 159 000,- til ca. kr 210 000,-).

For orden skuld legg Skikrinsstyret til at tal lag fordelar seg slik i dei ulike kategoriane (pr. 31.12.2010):

- kategori 1: 4 lag
- kategori 2: 14 lag
- kategori 3: 16 lag
- kategori 4: 16 lag

VEDTAK:

Skikrinstinget vedtek Skikrinsstyret sitt framlegg til lagskontingent.

7. INNKOMNE SAKER

7.1 Revisjon av Anleggsplan 2008-2012

Innleiing v/ leiar i anleggskomiteen, Halvard Nygård

Bakgrunn

Revidert Anleggsplan byggjer på planen som vart vedteken på Skikrinstringet i 2009. Planen er revidert med faktaopplysningar som har kome inn frå laga og anleggseigarane.

Følgjande hadde ordet i saka:

André Haugsbø (Gaular IL), Hallvard Nygård (skikrinsstyret), Sverre Seeberg (Norges Skiforbund), Inge Fænn (skikrinsstyret), Aase Britt Øygard (Jølster IL), Stein Bjørhovde (Haugen IL) og Yngve Thorsen (adm.)

VEDTAK:

Skikrinstringet vedtek planen slik den ligg føre, med tillegg frå Haugen IL. Skikrinsstyret skal i kommande periode leggje planen til grunn i det vidare arbeidet med anlegg.

7.2 Endring av lov for Sogn og Fjordane Skikrins §11 Tinget sine oppgåver

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til endring av lov for Sogn og Fjordane Skikrins §11 pkt. 10 b, Tinget sine oppgåver:

Skikrinstringet skal:

10. Føreta følgjande val:

*b. To styremedlemmer til Arbeidsutvalet **og eit varamedlem.**
I tillegg består skikrinsstyret av leiarane i greinkomiteane i skikrinsen*

Bakgrunn

Etter dagens lov skal Skikrinstringet føreta følgjande val jf. §11 pkt. 10 b:

b. To styremedlemmer til Arbeidsutvalet.

I tillegg består skikrinsstyret av leiarane i greinkomiteane i skikrinsen

Ved å velje eit varamedlem sikrar ein breiare samansetjing i styret. Vidare vil endringsforslaget truleg gjere det enklare å rekruttere nye personar til skikrinsstyret.

VEDTAK:

Sogn og Fjordane Skikrins si lov §11 pkt. 10 b vert endra til følgjande:

b. To styremedlemmer til Arbeidsutvalet og eit varamedlem.

7.3 Endring av lov for Sogn og Fjordane Skikrins §15 Skikrinsstyret

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til endring av lov for Sogn og Fjordane Skikrins §15, avsnitt nr. to, Skikrinsstyret:

Skikrinsstyret er sett saman av leiar, nestleiar, 2 (to) styremedlemmer, 1 (eit) varamedlem og leiarane i greinkomiteane i krinsen, valt på skikrinstringet.

Bakgrunn

Etter dagens lov, §15 avsnitt nr. to, er Skikrinsstyret sett saman slik:

Skikrinsstyret er sett saman av leiar, nestleiar, 2 (to) styremedlemmer og leiarane i greinkomiteane i krinsen, valt på skikrinstinget.

Sjå elles bakgrunn for sak 7.2

VEDTAK:

Sogn og Fjordane Skikrins si lov §15 avsnitt nr. to vert endra til følgjande:

Skikrinsstyret er sett saman av leiar, nestleiar, 2 (to) styremedlemmer, 1 (eit) varamedlem og leiarane i greinkomiteane i krinsen, valt på skikrinstinget.

8. STAD OG TID FOR NESTE SKIKRINSTING**VEDTAK:**

Skikrinstinget gjev styret fullmakt til å bestemme stad og tid for neste ting iht. SFSK si lov

9. REPRESENTASJON**VEDTAK:**

Skikrinstinget gjev styret fullmakt til å velje representantar og delegatar til alle forbund- og krinsting i perioden.

10. VAL

Dirigenten leia valet.

VEDTAK:

Styret	Namn	Idr. lag	
leiar	Inge Fænn	Markane IL	attval
nestleiar	Anders Felde	BBIL	attval
styremedlem	Hallvard Nygård	Førde IL	attval
styremedlem	Reidun Hegrenes	Førde IL	attval
varamedlem	John Olaf Røhme	IL Bjørn	ny

Langrennskomiteen

leiar	Arthur Hegrenes	Førde IL	ny
medlem	Oddmund Lefdal	IL Bjørn	ny
medlem	Torunn Grut	Syril IL	attval
medlem	Jon Inge Skålbones	Hardbagg IL	ny
medlem	Eivind Skår	Førde IL	attval

Hopp- og kombinertkomiteen

leiar	Gunnar Fannemel	HIL	attval
medlem	Jan Inge Årdal	Jølster IL	attval
medlem	Lars Brekke	Vik IL	attval
medlem	Lars Kveen	Stryn T&IL	ny
medlem	Jon Ove Lomheim	Hafslo IL	ny

Alpinkomiteen

leiar	Lilly Schøyen	Sogndal IL	attval
medlem	Rune Espe	Haugen IL	attval
medlem	Olaf Betten	Førde IL	ny
medlem	Atle Hamar	Jølster IL	attval
medlem	Martin Hopland	Stryn T&IL	attval

Heidersteiknemnda

leiar	Gunnar Steintveit	Haugen IL	attval
medlem	Olga Marie Narum	Sogndal IL	attval
medlem	Nils Olav Kongsvik	Førde IL	attval

Revisorar

Inge Årdal	Jølster IL	attval
Andrè Haugsbø	Gaular IL	attval

Valkomitè

leiar	Jon Ove Lomheim	Hafslo IL	attval
medlem	Reidun B. Hole	Førde IL	attval
medlem	Audar Kullsvæn	Eid IL	ny
varamedlem	Roar Birkeland	Førde IL	ny

Andre komitear/ utval**Sponsor- økonomiutval**

leiar	Reidun Hegrenes	Førde IL	attval
medlem	alpinkomiteen		
medlem	langrennskomiteen		
medlem	hopp- og kombinertkomiteen		

Anleggsutval

leiar	Hallvard Nygård	Førde IL	attval
medlem	alpinkomiteen		
medlem	langrennskomiteen		
medlem	hopp- og kombinertkomiteen		

Utdanning- og utviklingskomiteen

leiar	Anders Felde	BBIL	attval
medlem	alpinkomiteen		
medlem	langrennskomiteen		
medlem	hopp- og kombinertkomiteen		

SLUTT

UTDELING AV UTMERKINGAR

Følgjande fekk utdelt Magnorpokal

- Bertine T. Lefdal (IL Bjørn – langrenn)
- Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL – langrenn)

Følgjande fekk utdelt Talentpokal

- Gjøran Tefre (Førde IL – langrenn)
- Mats Bjørnar Leirdal (IL Bjørn – langrenn)
- Lasse Englund Espe (Haugen IL – alpint)

Følgjande fekk utdelt Bragdpokal

- Johannes Thingnes Bø (Markane IL – langrenn)*
- André Haugsbø (Gaular IL – langrenn)
- Anders Fannemel (Hornindal IL – hopp)**

*Utmerkinga vert delt ut 19. juni 2011 ifbm. opning av rulleskibana på Ullsheim.

**Anders Fannemel fekk utdelt Bragdpokalen 2010 ifbm. Hornindal IL sitt 100-årsjubileum


Følgjande fekk utdelt Heidersmerke m/ heidersmerke diplom

- Rune Espe (Haugen IL)
- Audar Kullsvæn (Eid IL)

Blomster/ gåve vart delt ut til


- Sverre Seeberg (gåve)
- Håkon Lundestad, dirigent (blomster)
- Audar Kullsvæn (blomster)
- Ivar Sægrov (blomster)
- Kjell Bøyum (blomster)
- Yngve Thorsen (blomster)

Referent




Anders Felde

Referent



Yngve Thorsen

Underskrift møteprotokoll



Aase Britt Øygard



Tor Egi Nedrebø